

**Sunnhordland museum**

Postboks 51  
5419 Stord

29. april 2021

**Hovudutval for kultur, idrett og  
integrasjon i Vestland fylkeskommune****Oppmoding om å løyva midlar til budsjettpost for kulturbygg med regionale funksjonar**

Vestland fylke har mange museum og vert ofte omtala som eit museumsfylke. Det blir gjort eit viktig og solid arbeid på denne fronten i fylket vårt. Mange av musea slit med eldre bygningsmasse og prekære behov for oppgradering. For å realisera naudsynte oppgraderingar søkjer musea både stat, fylkeskommune, kommunar, samfunnsnyttige stiftingar og private om finansiering.

Hordaland fylkeskommune hadde frå 2010 – 2019 eigen budsjettpost med midlar til kulturbygg, og eigen søknadsordning for kulturbygg med regionale funksjonar. Frå denne potten vart fylkeskommunale midlar realisert og dette var viktige «matchemidlar» til den statlege ordninga under kulturdepartementet kapittel 322, post 70 Nasjonale kulturbygg. Dei seinaste åra har det vore det lite eller ingen midlar i denne potten.

Sunnhordland museum har sidan 2011 arbeida med planar for oppgradering av administrasjons- og publikumsbygg på Leirvik, Stord. Hordaland fylkeskommune løyvde midlar til prosjektet over ordninga til regionale kulturbygg i 2014 og 2015, tilsaman 5.8 mill. Søknadar om ytterlegare midlar vart avslått grunna manglande midlar.

I 2020 fekk museet statleg løyving på 5 mill. på post 70, i 2021 fekk vi ytterlegare løyving på 5,8 mill. og lovnad om 4,4 mill. på seinare budsjett. Stord kommune har i budsjetthandsaminga signalisert at dei er positive til å bidra til prosjektet med 5,6 million til nytt museumshus ved Sunnhordland Museum, og vil koma attende til løyvinga når prosjektet er fullfinansiert. Arbeidet med å søkja kommunar, private og stiftingar held fram. Museet har årleg søkt ytterlegare fylkeskommunale midlar og vart svært optimistiske då Vestland fylkeskommune oppretta eigen budsjettpost for regionale kulturbygg i 2021, og lyste ut midlar i 2020. Søkjarmassen synte eit stort behov i fylket for slike midlar. Vi vart derfor svært forundra då alle søkjarar vart innstilt på kr. 0,-

Usikkerheit knytt til fylkeskommunal medfinansiering og den fylkeskommunale ordninga (før i Hordaland fylkeskommune, no i Vestland fylkeskommune) gjer det svært krevjande å arbeida med finansiering av store prosjekt som dette. Andre bidragsytarar, både kommunale og andre potensielle

bidragsytarar er reservert, då realismen i prosjektet vert vurdert som usikkert utan klare signal frå fylkeskommunen.

Vestland fylkeskommune har på ny lyst ut midlar til kulturbygg med regionale funksjonar for 2022. Søkjarmassen frå 2021 syner eit stort etterslep og Sunnhordland museum vil på det sterkaste oppmoda om at Vestland fylke set av midlar på kommande budsjett til desse søknadane. Vidare vil vi oppmoda om at fylkeskommunen legg opp til ei prioritering av søkjarane som føreligg. Ei slik prioritering vil gje søkjarane viktige signal om kvar dei ligg i prioriteringsrekka og vera til hjelp i det vidare arbeidet med finansiering og planlegging av prosjekta.

Med helsing

*Bakke*

Gunnar Bakke (4. May. 2021 11:46 GMT+2)

Gunnar Bakke  
Sunnhordland museum  
Styreleiar

*Linda Øen*

Linda Øen (4. May. 2021 13:11 GMT+2)

Linda Øen  
Sunnhordland museum  
Direktør